

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2018 50. årg.



Minnelund Time kyrkje

side 5



Lye skulekorps

side 8



Teologi til folket

side 10



Konfirmantar

side 11-13

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00 tlf. 51 77 03 77

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19

Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32

Sekretera Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 64

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 906 43 758

Assisterende kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 962 32 582

Vikar kyrkjev.: Gunnar Bjørland Stone tlf. 962 32 582

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (sjukmeldt)

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeteren: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteren helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Klokkar: Olav Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekirkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481

Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjeteren: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteren helg: Karin Sofie Ersdal Olsen

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskstad tlf. 905 69 189

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 926 55 645

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjeteren: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 959 29 283

Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909

Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråd:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Til ettertanke

Den ukjende høgtida

Me har alle eit forhold til jul, og dei fleste av oss veit at den kristne høgtida handlar om Jesu fødsel. Når me så kjem til påske, minkar det litt med kunnskapen i folket vårt. Mange tenker mest på skiturar, Kvikkunnsj og appelsin, når me spør kva påske er for dei. Men ein stor del av folket vårt har kjennskap til at den kristne høgtida handlar om Jesu død på krossen og oppstoda av grava. Når me kjem til pinse, ser mange ut som eit stort spørjeteikn når me spør kva pinse handlar om. På fjernsynet har ein nokre år hatt innslag der ein spør «mannen i gata» kva pinse er, og eit stort fleirtal av folket vert svarlause.

Kva er pinse? Pinse handlar om den tredje personen i den treeinige Gud. Gud vår skapar og Far, er det ikkje så vanskeleg å forholde seg til. Jesus vår frelsar og venn, er også ganske kjend. Men kven er Den Heilage Ande? For det er den pinsa handlar om.

Då eg var lita, song me:
«Når Jesus kommer og banker på mitt hjerte og spør om han kan få komme inn, da svarer jeg JA, det kan du gjerne, kom inn i mitt hjerte og sinn.»

I dag syng dei på sundagsskulen: «Jesus bor i hjertet mitt, derfor vil jeg fryde meg.»

Begge desse Barnesongane handlar om det same, å ha Jesus i hjarta. Eit uttrykk for kor nær Jesus ønskjer å vera i liva våre. Men når me talar om «Jesus i hjarta», så er det eigentleg Den Heilage Ande me talar om. Den Heilage Ande bur i hjarta vårt, og kan vera mange stader på ein gong.



May Brit Merland Arnø

Då læresveinane fekk Den Heilage Ande, gav han seg til kjenne i eit sus som gjekk gjennom rommet der dei var samla, og flammar som delte seg ut over hovuda deira (Apostel-gjerningane kapittel 2). Læresveinane fekk nytt frimod, og Anden gav dei å tala i andre tungemål. Dei som før hadde vore så redde og gjøymt seg bak stengde dører, gjekk no ut i Jerusalem gater og tala frimodig om Jesus Kristus, Guds son. Folk av ulike tungemål skjøna kva læresveinane sa, og den dagen vart over 3000 lagt til kyrkjelyden. Dette er pinseforteljinga frå Bibelen. Pinsa er også kalla kyrkja sin bursdag, den dagen då Guds verdsvide kyrkje blei danna.

Så var det dette med Den Heilage Ande som bur i hjarta vårt. Den dagen du vart døypt, sa presten: «Den allmektige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrke deg med sin nåde til det evige liv. Fred vere med deg». Du fekk Den Heilage Ande som gavé då du vart døypt. Like nær som pusten er når du andar ut og inn, så nær er Gud deg, ved Den Heilage Ande. Han er med deg alle dagar, med sitt nærvær, si trøyst, si kraft og sin fred.

GOD PINSE!

May Brit Merland Arnø
Sokneprest Undheim

Framside: Undheim kyrkje - Per Odd Arrestad - Foto: BH

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland,

Reidun Jane Heskstad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 8. mai 2018.

Neste nr. kjem ut ca. 7. juni 2018.

Min salme

Guds kjærleik er som stranda og som graset

*Guds kjærleik er som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og allheims rom.
Vi fridom fekk å bu der, gå og koma,
å seja ja til Gud og seja nei.*

*Guds kjærleik er som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Vi vil ein fridom der vi er oss sjølve,
ein fridom vi kan gjera noko av,
der ingen tomleik finst, men rom for draumar.
ei jord der tre og blomar kan slå rot.*

*Guds kjærleik er som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Og endå er det murar oss imellom,
og gjennom sprinkelverk vi tøyser hand.
Vår fangerom er murt av redsle-steinar,
og fangeklede er vårt stengde eg.
Guds kjærleik er som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Å døm oss, Herre, frikjenn oss i domen!
I di forlating fridom finst og von.
Den rekk så vide som din kjærleik vandrar,
til folk av kvar ein rase og nasjon.
Guds kjærleik er som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og allheims rom.*

Tekst: Anders Frostenson (1968) Oversatt: Alfred Hauge (1973)
Melodi i norsk salmebok: Lars Åke Lundberg (1968)

«... At vi opplever vonde ting i livet, betyr ikke at Gud har forlatt oss. Guds kjærlighet er større enn vi kan fatte.”



Aslaug Harbo Lutro

Da denne salmen var ny i Norge, etter å ha blitt oversatt fra svensk, hadde jeg en sterk opplevelse som satte varige spor. Jeg var midt inne i den vanskeligste perioden i livet mitt: Vi hadde mistet en av tvillingene under fødselen. Den andre gutten ble liggende flere uker på prematuravdelingen ved Stavanger Sykehus, mens jeg ble sendt heim. Men jeg reiste daglig inn med morsmelk.

Så var det en formiddag mens jeg kjørte tilbake til Lurahammeren, der vi bodde da: Jeg nynnet på denne salmen: "Guds kjærleik er som stranda og som graset". Så ble jeg fylt av en fred som er vanskelig å beskrive. Jeg måtte sakke farten, og jeg husker fortsatt hvor dette hendte.

Seinere har jeg blitt berørt hver gang jeg synger eller leser denne salmen. Jeg har noe kjennskap til Alfred Hauge sitt liv og forfatterskap, og det gjør at denne vakre teksten får ekstra betydning for meg. At vi opplever vonde ting i livet, betyr ikke at Gud har forlatt oss. Guds kjærlighet er større enn vi kan fatte.

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, leikar, pyntegjenstandar, hagerekiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møbler, pyntegjenstandar, hagerekiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00

Nytt flygel i Brynekyrkja



Forutan kyrkjeorgelet har Brynekyrkja i alle år hatt eit piano ståande framme i koret. Det har gjort nytta, men organisten, Per Olav Egeland, har i mange år sakna eit flygel. Dette vart formidla vidare til soknerådet som saman med organisten sette ned ein flygelkomité etter påske i 2017. Fylgjande personar har sete i komitéen: Hilde Hanevik, Jostein Tollaksen, Per Olav Egeland og Håkon Urstad. Dei fekk i oppdrag å samla inn pengar og kjøpa flygel til kyrkja.

No er dei snart i mål, og Helgedagen kontakta Håkon Urstad for å høyra om arbeidet som er gjort.

Korleis har innsamlingsarbeidet gått, Håkon?

Over all forventning, må eg seia. Me hadde eit budsjett på 350 000 kroner, og i desse dagar har me nok passert 320 000. Dei siste tusenlappane reknar me med å få inn den 27. mai. Då skal koret Jærklang framføra "Visst skal våren komme", og inntektene frå konserten skal gå til flygelet. Det vert innviing av instrumentet rett før konserten.

Ein av grunnane til at flygelet snart er på plass, er sjølv sagt dei to store gåvene me fekk frå Sparebanken Sør og Sparebankstiftinga Time og Hå. Men ein må heller ikkje gløyma alle små og store bidrag frå konsertar og enkeltpersonar som har kome gjennom heile det siste året!

Har ein bestemt seg for kva instrument ein skal kjøpa?

Ja, me har landa på eit Yamaha flygel c7x - for å vera heilt nøyaktige. Det skal vera eit kvalitetsinstrument som kyrkja verkeleg skal få glede av i åra som kjem!

Kva vil eit nytt flygel ha å sei for Brynekyrkja og kyrkjelyden?

Utruleg mykje. Med dette instrumentet kan me i endå større grad enn før ha fokus på song og musikk i gudsstenestene og det kyrkjelege arbeidet. Det vil òg utvida tilbodet til kultur- og konsertlivet i Brynebyen og i Time kommune.

Så du ser verkeleg fram til Jærdagshelga og innviinga av det nye flygelet?

Ja, heile komitéen tykkjer det er stas at me kan markera dette som eit ledd i Jærdagsfeiringa. At me saman med koristane i Jærklang kan invitera til ei storhending i Brynekyrkja denne siste søndagen i mai, ser me verkeleg fram til!

Og hugs: her må ein vera tidleg ute for å sikra seg billett!

AV



Foto: LH



Det gjev mot til å leva og tru på ein oppstanden Kristus!

Dei 12 songane legg vekt på håpet og trøysta. Håpet er at ein dag skal alt som er urettferdig, kaldt og hardt i verda, verta borte. All smerte, sorg og sagn skal ikkje vera meir. Det vonde skal forsvinna, og nytt liv spira fram.

Det er songsolistar frå vår eigen kommune som er med koret denne kvelden. I tillegg kjem Brynejenta Ragnhild Thu Austnaberg heim frå Oslo. Ho hadde ei av hovudrollene i "Like til Betlehem" som Jærklang framførte for nokre år sidan.

Musikarane er henta frå staben i kyrkja, i tillegg til unge, dyktige talent frå Kulturskulen.

Me trur og håper at denne maikvelden i Brynekyrkja skal verta magisk, på alle vis.

Kom, opplev musikk, tekstar og lytt til det flotte, nye flygelet som skal innviast denne søndagen!

AV

Ja, søndag den 27 mai, Jærdagshelga, skjer det ei storhending på Bryne. Då skal koret Jærklang, saman med songarar som har vore med på dette før, framföra korverket "Visst skal våren komme". Teksten er skriven av diktarpresten Eyvind Skeie og tonesett av musikarvenen hans, Sigvald Tveit.

I "Visst skal våren komme" tek Eyvind Skeie utgangspunkt i apostelen Johannes der han sit på øya Patmos, forvist og fengsla. Det er urolege tider, dei kristne er jaga og forfølgde. Då får Johannes si openberring. Han ser eit kosmisk drama som går føre seg, eit drama som handlar om dom og undergang. Men midt i dette mørket, ser han ein ny himmel og ei ny jord stiga fram i all sin venleik. Han ser den store Meisteren, Lammet, han som er begynnelsen og enden - den store redningsmannen.

Gjennom songane og musikken prøver forfattarane å levandegjera denne visjonen og dette håpet. Dei vil visa at dette ikkje berre er eit håp for fangen Johannes på øya Patmos i Egeerhavet, men gjeld like mykje for oss i dag!



Ragnhild Thu Austnaberg

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redd. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS SOS

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

[Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



Den apostoliske truvedkjenninga

I Helgedagen sin gjennomgang av Den vesle katekisma er me komne til trua. Luther sette overskrifta: Korleis ein far enkelt kan læra familien sin trua. I norsk salmebok står det: Trua, med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med kven Gud er, og kva han har gjort for oss.

Den apostoliske truvedkjenninga er eit av fem vedkjenningsskrifter i Den norske kyrkja. I tillegg kjem Den nikenske truvedkjenninga, Den athanianske truvedkjenninga, Den augsburgske truvedkjenninga og Luthers vesle katekisme.

Den apostoliske truvedkjenninga har gamle røter i kyrkja. Allereie før år 150 etter Kristus var *Symbolum Romanum* i bruk i Roma. Etter som kyrkja spreidde seg utover Romarriket, vart det meir påtrengjande for kyrkjelydane å setja presise ord på trua. Når stadig nye kom til tru og vart døypte, måtte dei kunne greie ut om trua si. Kven er deira Gud til forskjell frå andre gudar og andre tankar og idéar? Truvedkjenninga lydde ved dåpen og i gudstenesta. Den apostoliske truvedkjenninga

hadde funne si nåverande form før år 400 etter Kristus. Den er i bruk i den vestlege kyrkja.

Somme tider gjer einkvan seg lystig over noko som vart bestemt på eit kyrkjemøte. Den apostoliske truvedkjenninga voks fram i kyrkjelydane og blei vanleg i bruk i Vestkyrkja. Den nikenske- (år 325) og Den athanianske truvedkjenninga (år 451) vart vedtekne på kyrkjemøte. Vedkjenningane er uttrykk for kva kyrkjene i møte med nye spørsmål, kunne vere einige om var kristen tru i tida. Svara dei kom fram til, fann dei gjennom nøye studiar av skrifta, lange samtalar og børn. Vedkjenninga er ikkje Guds ord, men vitnesbyrd om Gud som kyrkja er samde om.

Når me seier fram truvedkjenninga, blir det fort ord me seier utan at me høyrer kva me seier. Me må hjelpe kvarandre så orda blir lovprising av Gud for den han er. Ofte blir truvedkjenninga sunge som ein lovsong til Gud. Truvedkjenninga seier me fram i undring, takk og tilbeding.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre,

Om Jesus, kven han var og kva han gjorde

Folk byrja tidleg å spørja: Kven er Jesus? Dei spurde når han gjorde mektige gjerningar. Dei spurde når han tilgav synd. I Matteus 16 er det Jesus som spør lærersveinane kven folk seier han er: Han svarar med eit nytt spørsmål: Kven seier de at eg er? Peter svarar «*Du er Messias, den levande Guds Son.*» I Johannes 20 fell Tomas på kne for den oppstadne Jesus og seier: «*Min Herre og min Gud*». Frå desse første vedkjenningane til Jesus veks truvedkjenninga fram mellom dei som trudde på han.

Kven er Jesus? Gjennom dei første århundra bala kristne med dette spørsmålet. Dei las Bibelen og kjempa med tekstane. Saman kom dei fram til at Jesus er «*sann Gud av sann Gud, fødd ikkje skapt, av same vesen som Faderen.*» På same tid «*vart han menneske av kjøt og blod*» (Den Nikenske vedkjenninga). I den apostoliske vedkjenninga er dette formulert slik: «*avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy.*» Den apostoliske truvedkjenninga reknar opp dei viktigaste hendingane i Jesu liv. I den vesle katekisma legg Luther vekt på forløysinga som sentrum i det Jesus gjorde. «*Han har etterløyst meg, fortapte og fordømde menneske, frikjøpt og frelst meg frå alle synder, frå døden og djevelens makt, ikkje med gull og sølv, men med sitt heilage og dyre blod og med si skuldlause lidings og sin død*» (Den vesle katekisma, Norsk salmebok 2013, s 1281).

Truvedkjenninga held fast noko som hende i tida. Me snakkar ikkje om ei biletforteljing, om noko som skjedde i ei åndeleg verd. Nei, mennesket Jesus, leid verkeleg på krossen og gjekk i døden. I vår stad gjorde han opp for vår syndeskuld. Der «*gav Gud Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.*» (Jo-

hannes 3,16) I Romarbrevet skriv Paulus: «*Så finst det ingen fordømming for dei som er i Kristus Jesus. For Andens lov, som gjev liv, har i Kristus Jesus gjort deg fri frå lova til synda og døden. Det som var umogleg for lova, sidan ho stod maktlaus fordi vi er av kjøt og blod, det gjorde Gud. Han sende sin eigen Son som syndoffer, i same slag kjøt og blod som syndige menneske har, og heldt dom over synda i oss.*» (Rom8,1-3). Jesus, Gud av Gud, gjorde det ikkje noko menneske kunne gjera. I kjøt og blod, som menneske lik oss, sona Jesus, vår bror, i vår stad. «*Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han*» (2Kor 5,21).

Poetisk og presist syng me om døden på krossen:

*Å, hvor engstet og bedrøvet,
inntil døden høyt bedrøvet,
er den ømme Frelsers sjel!
Vredens fulle beger drikke
må han, skal han, ellers ikke
blir hans frelseskalk min del!*


*Hvem kan tenke på den smerte
uten med et såret hjerte,
om endog en synder led!
Men her led den evig høye-
smelt mitt hjerte, gråt mitt øye,
se her lider hellighet!*

*For all verdens syndebrøde
ville verdens Frelser bløde,
tåle spott og sår og bånd.*

*Og til sist all livets kilde
senket hode mens han stille
segnet og oppgav sin ånd.*

(Norsk salmebok 2013, 171)

Luther held fram forklaringa si: «*Dette har han gjort så*



Time Kyrkje -Foto: BH

... pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, ...

eg skal vera hans eigen, leva under han i hans rike og tena han i evig rettferd, skuldløyse og sæle, like som han er oppstaden frå dei døde, lever og råder i all æve. (Vesle katekisma, Norsk salmebok 2013, s1281) Det Jesus gjorde. gjev oss ein ny start. Tilgjevne, er skulda for Gud sletta. Me dreg henne ikkje med oss. Med Jesu er me reiste opp til eit nytt liv i helging. Paulus skriv: «*Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv.*»(Romarbrevet 6,4) Trua sitt liv her på jorda viser seg i at me vender oss bort frå synda (det vonde) og audmjukt tener menneske og Gud gjennom alt vårt liv. I Kristus, i dåpen, blir Guds herlegdom synleg for verda gjennom våre liv. Slik Gud blir stor og lyser for oss. Fordi Jesus døydde og stod opp, skal Guds herlegdom lysa for menneske når me dør bort frå egoisme, ikkje bygger opp vårt eige bilet, men tener andre menneske. Dette er Guds gjerning i oss og ved oss. Me kan ikkje ta oss til det. Me kan berre lydig seja til Gud: «*Lat viljen din råda!*» Lat viljen din råda så me gjer di gjerning her på jorda. Lat viljen din råda, til me frimodig møter Jesus når han kjem.

Så bed me med ord frå den gamle salmen:

*Hjelp at jeg fra synden treder
og meg alltid varsom gleder
ved min salighet og fred!
Kjøpt jeg ble, ditt navn skje ære!
Dyrekjøpt – å la det være
varsel for meg hvert et sted.*

*Ja, Forsoner la meg være
ofret deg til takk og ære,
helliget ditt velbehag!
Sonet ved den død du døde,
skal jeg deg frimodig møte
på den siste store dag.
(Norsk salmebok 2013, 171)*

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart
gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande
og døde.**

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen.

Lye skulekorps



*"Me skal spela Lye mot nye høgder"
Slik lyder visjonen for korpset.*

Helgedagen fekk vera med på øving med ferske, ivrige musikantar på Lye ein kald ettermiddag i februar. Dei var ikkje mange på denne øvinga, berre 5, men dei gav god lyd! Vanlegvis brukar dei å vera 8 som øver saman, men jammen imponerte aspirantane likevel med spelet sitt. Berre ei jente var med, og ho hadde vore musikant lengre. Gutane er andreklassingar, og dei starta i korpset i august. Sjølv om dei altså er ganske ferske musikantar, så høyrest det så bra ut!

Denne kvelden skal dei opptre på 1.klassingane sin bokstavfest, så dei er nok litt spente på det. Eit av nummera dei øver på - det som dei skal opptre med - "LyeRock", har eit overraskande utrop til slutt. Dei øver også på "Bjørnen sover", og der sov nok ikkje bjørnen lenger når dei avsluttar med eit kraftig HEI!

Midtvegs har dei ein liten pause - med litt forfriskingar servert av to foreldre. Foreldreinnsats er naudsynt for å halda hjula i gang - her som på andre fritids-område for born.

Dirigenten, Arfon P. Owen, fortel at

dei i oppstarten - i samarbeid med skulen - får gje dei nye korps-deltakarane undervisning åleine - og i gruppe. Dei får såleis ein grundig start på musikant-framtida si.



Owen fortel at dei også har samarbeid med Frøyland skulekorps. Sidan han er dirigent for begge korpsa, og begge

treng forsterkningar, så kan dei eldste musikantane på Lye og Frøyland til tider vera med på speleoppdrag i begge korpsa. Owen er forresten ikkje berre dirigent. Han jobbar også i Time kulturskule, er organist i Tananger - og er sjølv utøvande musikar på høgt nivå.

Leiaren i styret for Lye skulekorps, Siv Elise Stene, er også aktivt med på øvingane. Ho stiller med solid bakgrunn frå korps i Steinkjer, og ønskjer sterkt at dei skal få korpset på Lye til å veksa seg livskraftig. Dei ønskjer seg fleire medlemmer, så bur du i nærleiken er det berre å ta kontakt: lyeskulekorps@hotmail.no

17.mai stundar til, og dei skulle gjerne hatt nokre vaksne til å vera med på marsjeringa i toget. Nokre "veterinarar" har alt meldt seg, men det er plass til fleire. Meld dykk på, og støtt korpset! Kva er vel 17. mai utan korps?

PS Sidan me treftest i februar, har dei faktisk fått 3 nye aspirantar, og musikantane kjem frå dei fleste trinn frå 1. - 6. klasse.

Tekst og foto: LHH



Minnelund ved Time kyrkje



Foto: Steinar Sandvik

Mellan dei to gravstøttene skal det settast opp ein ny minnestein over timebuar som gav livet under krigen.

17. mai før gudstenesta vert det offisiell opning og avduking av ein minnelund ved Time kyrkje. I dag står det to gravstøtter der det kvart år har vore minnemarkeringar like før 17. mai-gudstenesta i Time kyrkje.

Den eine gravstøtta er over dei fem unge mennene frå Time som 21. mai 1942 vart avretta i Trandumskogen. Det er Torgeir Sikveland (1913), Jørsten Johansen (1914), Andreas Stensland (1917), Ole Rosland (1918) og Augustus Stensland (1919). Den andre gravstøtta er over Tønnes Skjæveland som døydde 6. januar 1945 i tysk fangenskap. Her er også Aaslaug Skjæveland, kona til Tønnes, gravlagd.

Mellan dei to gravstøttene vert det no sett opp ein ny minnestein over timebuar som gav livet sitt for landet i krigsåra 1940-1945. På minnesteinen skal det stå:

«Til minne om busette i Time som gav livet sitt for Noreg under andre verdskrig.

Ragnar Falck, 1904-1941

Torvald Hetland, 1920-1944

Johan Ludvig Hjort, 1920-1943

Theodor Kaastrup, 1895-1943

Jon L. Lemvik, 1908-1940

Olav Øyri, 1920-1942

Reist av Time kommune i samarbeid med Den norske kyrkje i Time.»

Ragnar Falck var tilsett ved ein bilverkstad på Bryne. Han omkom i november 1941 då M/K Blia forliste i Nordsjøen

på veg til England.

Torvald Hetland frå Bryne utdanna seg til flygar i Canada etter at han rømde til England. Han var heile tida knytt til Royal Air Force. På sitt 50. tokt omkom han etter å ha hoppa ut frå flyet over Den engelske kanalen.

Johan Ludvig Hjort var frå Kalberg i Time. Han døydde i Sachsenhausen.

Theodor Kaastrup var tilsett ved Bryne postkontor. Han vart i mars 1943 brått oppsagt og arrestert og forvist frå Rogaland og Agder. Tre veker seinare vart han funnen død.

Jon L. Lemvig var fyrbøtar frå Time. Han reiste til sjøs og var med på evakueringa av Dunkerque i 1940. Han vart såra og lagt inn på sjukehus der han døydde.

Olav Øyri budde på Frøyland i Time. Han døydde i Sachsenhausen.

Time kulturminnenemnd har, etter innspel frå Time kyrkjelege fellesråd, vedteke kven og kva som skal stå på plaketten. Før dette vart avgjort, var det i lokalpressa lyst ut at folk måtte koma med aktuelle namn på personar som hadde gitt livet sitt for Noreg gjennom krigsåra.

No vert det laga ein minnelund som får ei tydeleg innramming og ny beplantning. Alt skal vera ferdig til opninga 17. mai kl.10.00.

Steinar Sandvik

TEOLOGI TIL FOLKET

Stor interesse for årets undervisningserie på VID, Stavanger



Terese Bue Kessel (til venstre), Jostein Ådna og Gerd Marie Ådna har grunn til å vera fornøgde med årets undervisningserie for folk flest.

VID Stavanger (Misjonshøgskulen) har i vinter gjennomført ein serie med opne forelesingar for folk flest. Seks onsdagskveldar har fagfolk undervist i tema om Det heilage landet opp gjennom historia- frå gamaltestamentleg tid til i dag.

VID har fått mange gode tilbakemeldingar om tiltaket, og

frammøtet har vore godt. Fleire frå Jæren var blant dei mange som nyttet høvet til å få meir kunnskap om kristen historie og tradisjon.

-Ja, dette viser at det er behov for "dypdykk i teologi", seier Terese Bue Kessel til Helgedagen. Ho er studieleiar for teologiutdanninga ved VID og har vore pådrivar for arrangementet. Forelesarar har vore professor i Det nye testamentet, Jostein Ådna og førsteamanuensis i religionsvitenskap Gerd Marie Ådna.

Terese Bue Kessel fortel at opplegget har gitt meirsmak, og at det vil bli tilsvarande opplegg neste år. - Vår visjon er at dette skal bli eit årvisst arrangement.

Dataar for "Teologi til folket 2019" er alt fastsette: 23.01, 30.01, 13.02, 20.02, 06.03 og 13.03. Då er det professor i Det gamle testamentet, Knut Holter, som seks onsdagskveldar skal forelesa om "Førstehjelp til forståelse og bruk av Det gamle testamentet". Alle kveldane frå 1800-2000. For spesielt interesserte blir det i tillegg språkundervisning med innblikk i hebraisk språk, frå 2015-2100.

Tekst og foto: RT

Misjonsbasar på Lye forsamlingshus

"Alle, alle, vil vi ha med, til himlens lyse land". Dette er bakgrunn for alt misjonsarbeid, og dette er også grunnen til at me i NMS foreninga på Lyefjell laurdag 3. mars laga til misjonsbasar på Lye forsamlingshus. Godt over 150 personar benka seg rundt borda for å høyra Lye barnegospel syngja under leiing av sin dirigent Ragnhild Hanssen. Flotte barn med gode songar!

Vidare hadde Anne Grete Hognestad andakt. Ho fortalte om edderkoppen som sleppte seg i tråden ned frå eit tre og spann eit flott nett nær bakken. Han såg på verket sitt, fann ut at tråden ovanfrå ikkje passa inn og beit han av. Dermed fall heile nettet saman, og alt arbeidet var til fånyttes. Me må òg hugsa på at me har ein "tråd" til vår Skapar og passa på at me ikkje bryt den "tråden".



narsjansars i hovudtrekninga var dette siste høvet for å kjøpa lodd. Lynlodda er mest populære på denne basaren. Det var på førehand bretta ca 4.000 lynlodd. Desse gjekk unna i stort tempo, og kjøpelysta forsvann ikkje før loddar var utselde! God tid til drøs blei det, samstundes med at rundstykke, lappar og langpannekaker blei fortærte saman med kaffi og saft. Etterat hovudtrekninga var unnagjort, var det bare å seie takk og ynskja vel heim!

Me håpar og trur at mange fekk med seg noko heim; ein gevinst, ei god oppleving eller gode ord. Det er viktig for oss i denne samanhengen. Så kan me senda omlag 54.000,- kroner til NMS som brukar desse pengane til misjonsarbeid i andre deler av verda. Stor takk til alle som var med!

NMS-foreninga på Lyefjell

Pausen er eit viktig innslag i programmet. For vin-

Konfirmant 2019



Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Du får anledning til å utforska nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud.

.... Bli med på ei spennande reise som konfirmant. Vi ynskjer å gje deg eit annleis år, eit utfordrande år, eit år fullt av kjekke opplevingar – eit år som du aldri kjem til å gløyma.

Konfirmasjonar 2018

Laurdag 28. april kl 11.00 og 13.00: Bryne kyrkje
 Søndag 29. april kl 11.00 i Bryne kyrkje
 Søndag 6. mai kl 10.30 og 12.30: Bryne kyrkje
 Torsdag 10. mai kl 10.30 og 12.30: Time kyrkje
 Søndag 13. mai kl 10.30: Undheim kyrkje

Konfirmasjonar 2019

Laurdag 27. april kl 11.00 og 13.00: Bryne kyrkje
 Søndag 28. april kl 11.00 i Bryne kyrkje
 Søndag 5. mai kl 10.30 og 12.30: Time kyrkje
 Laurdag 11. mai kl 11.00 og 13.00: Bryne kyrkje
 Søndag 12. mai kl 10.30: Undheim kyrkje

Invitasjon blir sendt ut. Påmelding på nettsida www.time-kyrkja.no frå 18. mai kl 12.00

Ingfrid Time Nærland

Bryne kyrkje

Laurdag 28. april kl 11.00

Hedda Bergene
 Rebekka Oltesvik Bore
 Lyder Braut
 Amalie Rosland Bø
 Liliane Rosland Bø
 Mia Gabrielsen
 Sunniva Herabakka
 Janne Herredsvela
 Emilie Aarsvoll Horpestad
 Emma Henkel Håland
 Thea Sørenes Håland
 Eira Jakobsen Jess
 Jon Sigveland Kalheim
 Mangfred Mauland Liestøl
 Ole Gunnar Rugland
 Sigrid Salte
 Vanja Iselin Salte
 Marte Skretting
 Isak Midttun Solberg
 Kevin Egeland Steinnes
 Johanne Undheim
 Heine Håland Vatne
 Marius Vetrhus
 Thea Østvold

Laurdag 28. april kl 13.00

Marit Berge
 Cornelius Skumlien Beschel
 Tormod Djuve Båtsvik
 Kim Oscar Eng

Eirin Fosse
 Klara Haugland
 Storm Lagestrand
 Markus Evje Lomeland
 Lars Andreas Olsen
 Marthe Rosseland
 Mads Salte
 Lotte Sangolt
 Aleksander Serigstad
 Helle Skailand
 Aron William Stokes
 Dina Tjemsland Sund
 Martinus Haldorsen Sunde
 Thea Sviland Sørskår
 André David Vikås
 Sander Undheim

Søndag 29. april kl 11.00

Kaia Kloster Bruno
 Elen Fosse
 Selma Garborg Hatjoullis
 Oline Høie Hetland
 Ole André Espeland Horpestad
 Kasper Mæland
 Hannah Salte
 Annika Skrettingland
 Eirik Skårlund
 Mathilde Tjåland
 Bjørnar Wetteland
 Elena Øglænd

Bryne søndag 6. mai kl 10.30
 Julie Kristiansen Aske
 Emma Braut Brunes
 Atle Grødem
 Marselius Skrudland Hetland
 Daniel Seland Karlsbakk
 Linda Motmillere
 Jan Kristian Torland
 Tobias Vagle
 Anna Wiig

Søndag 6. mai kl 12.30

Vetle Johannessen Apneseth
 Sofie Bjørnsen
 Marie Farbrot
 Martin André Bryne Garpestad
 Regine Pollestad Gramstad
 Vegard Grimstad
 Roar Haugstad
 Nick Heggø
 Alva Norland Heskje
 Hannah Owe Hope
 Fredrik Johansen
 Jonas Kvalvik
 Solvår Larsen
 Elin Tjåland Lende
 Edvard Aarstad Rasmussen
 Hedda Refsnes
 Marthe Engstrøm Sandstøl

Ver med og be for konfirmantane våre:

Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for. (Matt 7,7-8)

**Trafikalt grunnkurs
 Bryne Bil & MC Skole**

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10



Foto: Pixabay

Bjørk som blomstrar

Time kyrkje

Torsdag 10. mai kl 10.30

Sara Berge
Lea Fosse
Herman Gausland
Gunnar Bertinus Handeland
Ellen Haugland
Kristians Kanders
Sander Benjamin Karlsen
Sven Olav Lye
Jørjan Slethei
Thea Steinsland

Torsdag 10. mai kl 12.30

Rudy Asheim
Brian Auestad
Tarald Aurmo
Rikke Budberg

Isabell Forberg Da Silva
Kristoffer Egeland
Morgan Haugland
Olav Haugland
Vilde Jensen
Tina Kalberg
Amalie Liland
Mina Kloving Mikkelsen
Synnøve Molaug
Stina Nygård
Henriette Oma
Oscar Gabriel Edbäck Rugland
Åsne Skårlund
André Sætre
Kristina Skåra Vigre

Undheim kyrkje

Søndag 13. mai kl 10.30

Lea Arrestad
Sindre Hegre Berg
Selina Sele Bore
Julie Bøe
Åse Eikeland
Mathias Wefring Fosse
Maria Kristine Garborg
Karina Gullestad
Tore Bergene Mæland
Kent Adrian Liland Roland
Maren Selbak
Norunn Geliassen Sikveland
Guro Undheim
Renathe Undheim



 <p>Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	 <p>JÆRPRINT TRYKK & DESIGN</p>	<p>aktiv.</p> <p>Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!</p> <p>Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no</p>
 <p>BERGENE MASKIN Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne Graving-Transport-Singel-Grus-Solla jord</p> <p>E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no Org.nr. NO 980 557 901 MVA www.bergenemaskin.no</p> <p><i>Arvid Bergene</i> Daglig Leder Mob. 917 30 249</p>	 <p>Motor Forum Stavanger - Sandnes</p>   	<p>Vi meglér frem dine verdier www.aktiv.no</p>
 <p>coop obs! HYPERMARKED</p>	 <p>FAGBUTIKKEN MED SERVICE MALING BELEGG TEPPER TAPETER GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING Apent: 9-18 (14) FARGERIKE® ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15</p>	 <p>EL-TEAM Elektroentrepreneur </p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
 <p>AutoMester® bilverkstedkjeden</p> <p>JAN REIME BIL & KAROSSEI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00</p>	 <p>Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>	 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>
 <p>Rogalandshus</p>	 <p>Bryne Rør Vesthagen 9, Håland, 4344 Brune</p>	 <p>BYGG MESTER JENS GERLACH SØRENSEN A·S</p>
<p>EiendomsMegler 1</p>		 <p>haver_</p> <p>Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p>Jæren Skog & Hage Jærvien 162, 4344 Bryne Tlf. 915 28 260</p>	 <p>coop prix Coop Prix Lye · 51 48 81 74</p>	



SØNDAG 27. MAI KL 18 I BRYNE KYRKJE

Visst skal våren komme – sanger om håp

Av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit
Jærklang m/ musikarar og solistar
Innviing av nytt flygel

Billettar: kr. 200,- ved inngang
Forhåndssal på kyrkjekontoret



Fellesgudsteneste for alle i Time kommune

Jærdagsscenen sundag 27.mai kl.11.

Tema: Kom heim!

Tale: Thomas Aas Pedersen

Sang og musikk for små og store
v/ Lye barnegospel og lovsangsteam frå
Misjonskyrkja

Kollekt til Kafè William i Frelsesarmeens

Kyrkjekaffi med bakst og saft.

Arr: Alle menigheter i Time

Bedehuskirken

Gudstjenester våren 2018

29.04.2018	Gudstjeneste	Kl. 11:00
27.05.2018	Jærdagsgudstjeneste	Kl. 11:00
	Bryne Torg	
10.06.2018	Gudstjeneste	Kl. 11:00

Bryne
Kto. 3325.20.11906

AKTUELT OM
DET SOM
BETYR NOE

NOREA MEDIEMISJON

Evangeliet
tilbake til jødene

Den Norske Israelsmisjon
www.israelsmisjonen.no

Vil du at palestinere og israelere skal få mulighet til å møtes i Kjærlighet?
Vipps din gave til 19333

Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

jæren
sparebank

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11
DØGNNSERVICE 971 78 180

Skaparverket



Foto: Harald Lygren

Storspove

Sjå det nebbet! Så elegant og fullkome, eit spesialverktøy som må vera designa av Vår Herre personleg. Heile fuglen er grasiøs der han spankulerer med sine lange bein på kjelva eller blant blomar og vindgras nær havet.


Storspoven, eller "spojen" som fuglen gjerne blir kalla her, er ein fugl som mange på Jæren gler seg over og held av. Det er eit sikkert våreteikn når "spojen" kjem seglande over ekrene og syns sine kraftige, rullande fløyteetonar.

Storspoven er den største av vadefuglane våre og blir 50-60 cm lang. Dei 4 eggene legg hoa i ei grop på bakken. Det flotte bua nebbet brukast til å leita etter meitemark, insekt og børstemark i mudder og mold. Talet på storspovar har gått ned dei siste åra.

La oss ta godt imot "spojen" og verna om reirplassane!

Rolf Hesketh


Det litt munstre hjørnet:



Løysing Helge-
kryssord - 1/18

Hamish McHarg, ein skotsk prest, var på runden sin i soknet for å hente inn tiend og offer. Eit av soknebarna gav, men hadde ei tydelig uvillig haldning då han leverte frå seg pengane sine utan å få noko tilbake. I det Hamish stakk pengane til sides, kom han med følgjande tørre kommentar: «Den Gode Boka seier at Herren elskar ein glad givar, men Church of Scotland har ikkje råd til å handplukke på den måten».

HelgeKryssord - 2/18 (av Gabriel Tengsareid)



Vassrett

- | Vassrett | Loddrett |
|----------------------|------------------------|
| 1. Bøn | 34. Rydning |
| 8. Mellomrom | 36. Adverb |
| 12. Fuske | 37. Kvinnenamn |
| 13. Bli sur | 38. Kav |
| 14. Sjøpattedyr | |
| 15. Frose | |
| 17. Identifikasjon | 1. Donerte |
| 18. Korn | 2. Høgtidspynt |
| 20. Mann | 3. Validera |
| 21. Busk | 4. Mannsnamn |
| 22. Vanlege | 5. Like konsonantar |
| 24. Vassplante | 6. Lesesirkel |
| 25. Handelsavtale | 7. Retning |
| 26. Kjerneved | 9. Ikke rette |
| 27. Visa | 10. Felte |
| 28. Rommål | 11. Fengsla mellombels |
| 29. Soveplass i hole | 12. Like hokstavar |

Loddrett

- | | |
|------------------------|-----------------|
| 1. Donerte | 33. Kvinnenamn |
| 2. Høgtidspynt | 35. Konjunksjon |
| 3. Validera | |
| 4. Mannsnamn | |
| 5. Like konsonantar | |
| 6. Lesesirkel | |
| 7. Retning | |
| 9. Ikkje rette | |
| 10. Felte | |
| 11. Fengsla mellombels | |
| 12. Like hokstavar | |

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Vegen tilbake til Gud

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"
Joh. 3,16*

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

Sendetider

- Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
- Tirsdag: 08.30 - 09.00
- Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
- Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
- Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13:8.**

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø
tlf. 467 94 518

Diakon Marit Høie Hetland
tlf. 48 89 69 19

Diakon Jofrid Aarsland Mikalsen
tlf. 48 89 72 32

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no



BLIFADDER!

www.blifadder.no

© 22 94 26 00 misjonsalliansen



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

11.02.2018: Noel Bekkeheien Ridola, Olav Serigstad
04.03.2018: Mikkel Gaarder, Lillian Gramstad, Mille Lund Haugland, Olav Erland Serigstad, Bendiks Tjessem-Voll, Sander Undheim, Nick Heggø, Cornelius Skumlien Beschel

TIME KYRKJE

11.02.2018: Adrian Aase-Ueland, Thord Pollestad Aga, Synne Auestad Tjelta, Frida Lill Lima Vårdal, 11.03.2018: Margit Aareskjold Stene

UNDHEIM KYRKJE

18.02.2018: Torbjørn Taksdal



Foto: LH

VIGDE

TIME KYRKJE

10.02.2018: Ida Fisketjøn og Lars Gudim
17.02.2018: Ida Sigbjørnsen og Ragnvald Skadsem



Foto: LH



Foto: LH

DØDE

Åsa Høyland, Andreas Nesheim, Torunn Andersen, Kjell Taksdal, Tor Sandve, Wiggo Oddbjørn Storfjord, Gunnar Emil Olsen, Magnus Heimdal Magnussen, Elisa Aarsland, Andrea Jørstad, Torgerd Sylvia Haagensen



Støttegrupper
Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:
diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

Begravelsesbyrå



Obed
Bryne

Begravelsesbyrå

www.obed.no

tlf: 51 77 80 80
24-timers vakttelefon

Skulegata 9, 4340 Bryne



KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Åskretting
og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

www.krogedal.no

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase



Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne **917 59 102**

24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ

Gjesdal • Jæren • Sandnes

51 61 04 00
Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal




www.novabegravelse.no



Velkommen til
gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



GOD PJNSE

Sundag 15. april	3. s. i påsketida	Joh. 10, 1 – 10
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste. Sundagsskule
Undheim kyrkje	kl. 10.30	Familiegudsteneste
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Bryne kyrkje	kl. 19.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
Sundag 22. april	4. s i påsketida	Joh. 13, 30 – 35
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule
Time kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp
Laurdag 28. april		Gudsteneste med konfirmasjon
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste med konfirmasjon
	kl. 13.00	
Sundag 29. april	5. s i påsketida	Luk. 13, 18 – 21
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Undheim kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste med konfirmasjon
Sundag 6. mai	6. s i påsketida	Matt. 7, 7 - 12
Bryne kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste med konfirmasjon
	kl. 12.30	Gudsteneste med konfirmasjon
Time kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Nattverd
Torsdag 10. mai	Kristi Himmelfartsdag	Luk. 24, 46 – 53
Time kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste med konfirmasjon
	kl. 12.30	Gudsteneste med konfirmasjon
Sundag 13. mai	7. s i påsketida	Joh. 3, 16 – 21
Lye forsamlingshus	kl. 10.30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Undheim kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste med konfirmasjon
Bryne kyrkje	kl. 19.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
Torsdag 17. mai	Nasjonaldagen	Matt. 22, 17 – 22
Bryne kyrkje	kl. 08.30	Morgonsong med bøn for land og folk
Lye forsamlingshus	kl. 10.15	Gudsteneste
Time kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste
Undheim kyrkje	kl. 11.00	Familiegudsteneste
Sundag 20. mai	1. Pinsedag	Joh. 14, 15 – 21
Time kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Mandag 21. mai	2. pinsedag	Joh. 6, 44 – 47
Undheim kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste
Krosshaug	kl. 11.00	Friuftsgudstenste saman med Klepp
Sundag 27. mai	Treeiningssundag	Luk. 10, 21 – 24
Jærdags-scenen	kl. 11.00	Fellesgudsteneste for alle i Time kommune
Sundag 3. juni	2. s. i treeiningstida	Gal 3, 23 – 29
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste med familiefokus
Brekko friluftskapell/		
Bryne kyrkjelyd	kl. 11.00	Sportsgudsteneste
Time kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Gullkonfirmantjubileum. Dåp
Laurdag 9. juni		Dåpsgudsteneste
Time kyrkje	kl. 14.00	
Sundag 10. juni	3. s. i treeiningstida	Joh. 1, 35 – 51
Undheim kyrkje	kl. 10.30	Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje	kl.. 11.00	Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Sundag 17. juni	4. s. i treeiningstida	Matt. 16, 24 – 27
Time kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Dåp og nattverd
Bryne kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste. Nattverd